



**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, FREDAG 15. MARS 2019 KL.  
09.30- 13.15 PÅ HAUGALAND STORHUSHOLDNING, EKRENE, SVEIO**

**Desse møtte:**

Morten Storebø	Austevoll kommune
Odd Harald Hovland	Bømlo kommune
Geir Aga	Bømlo kommune
Siri Klokkestuen	Etne kommune
Hilde Aa. Haraldseide	Etne kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune
Jakob Bjelland	Stord kommune (vara for Gaute S. Epland)
Jostein Førre	Sveio kommune
Jorunn Skåden	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

**Frå administrasjonen**

Gro Jensen Gjerde  
Reidun Rykkje

**Forfall**

Bjarte Madsen, Austevoll kommune - Wenche Tislevoll, Fitjar kommune -  
Peder Sjo Slettebø, Kvinnherad kommune, Magnus Mjør, Stord kommune

**Då var føre:**

- Sak 09/19 Godkjenning av referat frå møte 1. februar 2019
- Sak 10/19 Framlegg til årsmelding 2018
- Sak 11/19 Framlegg til rekneskap 2018
- Sak 12/19 Framlegg til økonomiplan 2019-2022
- Sak 13/19 Framlegg til budsjett 2019
- Sak 14/19 Framlegg til handlingsplan 2019
- Sak 15/19 Framlegg til nytt styret 2019-2021
- Sak 16/19 Framlegg til representantskapsleiar og nestleiar 2019-2021
- Sak 17/19 Val av representant til styringsgruppa for reiselivet
- Sak 18/19 Skriv og meldingar
  - a) Etablerarsenteret og Invest in Bergen
  - b) Planlegging av program til møte 29. april – Vestland
  - c) Planlegging av møte med Hordalandsbenken 26. mars
- Sak 19/19 Ymse
  - a) Tema på Representantskapet 5. april
  - b) Bærekraftig reisemål – undersøkingar

Sunnhordland, 18 mars 2019

Gro Jensen Gjerde  
Dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, FREDAG 15. MARS 2019  
KL. 09.30- 13.15 PÅ HAUGALAND STORHUSHOLDNING, EKRENE, SVEIO**

I forkant av møte fekk Samarbeidsrådet ei orientering om Haugaland Storhusholdning v/ Oskar Kirkeleit.

**Sak 09/19 Godkjenning av referat frå møte 1. februar 2019**

**Sak 10/19 Framlegg til årsmelding 2018**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek årsmeldinga for 2018 til orientering.

**VEDTAK:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 11/19 Framlegg til rekneskap 2018**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek rekneskapen for 2018 til orientering.

**På møte:**

Det vart i møte stilt spørsmål til Samarbeidsrådet sin eigenkapital. Dagleg leiar orienterte om at 1 mill av eigenkapitalen er midlar frå kompensasjonsordninga for arbeidsgjevaravgift og som er sett av til Kvinnherad. Dette skal avklarast med Hordaland fylkeskommune.

**VEDTAK:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 12/19 Framlegg til økonomiplan 2019-2022**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek økonomiplanen for perioden 2019-2022 til orientering.

**VEDTAK:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 13/19 Framlegg til budsjett 2019**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek budsjetta for 2019 til orientering.

**På møte:**

Dagleg leiar orienterte om at ho ønskjer å gå ned i 80%. Dette er arbeid inn i budsjettet.

**VEDTAK:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 14/19 Framlegg til handlingsplan 2019**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek handlingsplan for 2019 til orientering.

**På møte:**

På møte gjekk ein gjennom forslag til handlingsplan og det kom i møte forslag til endringar/tilføyningar som administrasjonen arbeider inn før utsending til representantskapet.

**VEDTAK:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 15/19 Framlegg til nytt styret 2019-2021**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek forslag til innstilling til orientering.

**VEDTAK:**

Samrøystes vedtak.

**Sak 16/19 Framlegg til representantskapsleiar og nestleiar 2019-2021**

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek forslag til innstilling til orientering.

**VEDTAK:**

Samrøystes vedtak.

## **Sak 17/19 Val av representant til styringsgruppa for reiselivet**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vel ordførar Gaute S. Epland, Stord kommune til styringsgruppa for reiseliv for perioden 2019-2020.
2. Ordførar Siri Klokkestuen, Etne kommune vert valt som vararepresentant.

### **VEDTAK:**

Samrøystes vedtak.

## **Sak 18/19 Skriv og meldingar**

### **a) Etablerarsenteret og Invest in Bergen**

Rådmennene har drøfta korleis kommunane skal forhalda seg til Etablerarsenteret og Invest In Bergen. For å ta dette vidare vart det sett ned ei arbeidsgruppe med Olaug Haugen, Fitjar kommune, Magnus Mjør, Stord kommune. I tillegg vil rådmennene peike ut ein person til som skal vera med i gruppa.

### **b) Planlegging av program til møte 29. april – Vestland**

I møte vart ein samde om å ha fokus på følgjande:

- Historia vår – næring.
- Funksjonar lagt til Sunnhordland i det nye Vestland - samferdsel, næring, opplæring.
- Samferdsel (E39 og E134, snøggåten som limet i regionen og ny teknologi
- Berekraft, landbruk, havbruk, miljøteknologi.

### **c) Planlegging av møte med Hordalandsbenken 26. mars**

I møte vart ein samde om å fokus på følgjande:

- NTP prosessen
- Vestland
- Marin verneplan
- Blått kompetansesenter
- Statleg omorgansiering
- Hydrogenprosjektet i Kvinnherad

## **Sak 19/19 Ymse**

### **a) Representantskapsmøte 5. april**

Det vart i møte sett fram forslag om at Representantskapsmøte 5 april skal få orienteringar om:

- Maritime Clean Tech
- Fjord 1
- Reiselivsprosjekta

**b) Berekraftig reisemål – diverse undersøkingar**

Administrasjonen orienterte om at det i arbeidet med berekraftig reisemål skal utarbeidast ulike undersøkingar. Blant anna gjeld det undersøking av hytte og fritidseigedomar. Det vart i møte føreslått at administrasjonen kan ta kontakt med SIM for å få hjelp med utsending av ein slik undersøking. I tillegg vil Etne kommune hjelpe til med å sende ut til hytte og fritidseigedomar i Etne kommune.